

Kunnskapsdepartementet Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Saksbehandler: Berit Kletthagen
Telefon: +4761288218
Berit.Kletthagen@inn.no
Deres ref:
Vår ref: 17/04044-3
Dato: 13.11.2017

Høringsfråsegn - forslag til endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning.

Vi viser til Kunnskapsdepartementets høringsbrev datert 14. august og 2. oktober 2017. Vi har vurdert endringsforslaga, og har kommentarer til enkelte av endringene.

§ 3-6 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte kunstfag

«Westerdals Oslo School of Arts, Communication and Technology (Westerdals ACT) har søkt om unntak frå krav om GSK for fire studium. Dette er bachelorstudium i film og tv, manus, lysdesign og Visual Effects. Westerdals ACT har sjølv samanlikna desse studia med studia ved Den norske filmskolen ved Høgskolen i Innlandet, som har ei oppføring i føresegna.» Vidare har «CERES/SO har vurdert søknadane frå NSKI, UiS, UiT og Westerdals ACT knytt både til § 3-6 og § 4-9. Dei har også peika på at studiet ved NSKI har liknande innhald som bachelorstudium ved Den norske filmskolen ved Høgskolen i Innlandet.»

Den norske filmskolen har fått unntak frå GSK på bakgrunn av å vere ei rein kunstfagleg utdanning, der studentane ikkje skal forhalde seg til akademiske krav eller forskning, men kun til kunstnarisk utviklingsarbeid. Dette inneber, meiner vi, at dersom andre utdanningar skulle få tilsvarende unntak, bør dei vere bygd på same fundament.

§ 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag

Høgskolen i Innlandet har god erfaring med spesielle opptakskrav i form av innsendt arbeid / opptaksprøver til utvalde studium.

Ceres/SO peikar på at «det er på sjølve studiet studentane skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter og anbefaler difor ikkje å innføre krav om at søkjarar på førehand skal måtte vise at dei har visse eigenskapar og ferdigheiter, med mindre dette er heilt naudsynt for å gjennomføre eit studium.»

Vi meiner at visse eigenskapar og ferdigheiter er heilt naudsynte for å gjennomføre enkelte studium.

Vi kjem sjølv til å søkje om å få spesielle opptakskrav til bachelor i animasjon og digital kunst og bachelor i spillteknologi og simulering innan 15. april 2018.

Høgskolen støttar forslaget til endring.

**§ 7-5 Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring og § 7-6
Karakterpoeng for 23/5-søkjarar**

I vurdering frå departementet viser ein til at å fjerne presiseringa kan føre til endringar i karakterpoengsum for søkjarar som har tatt fellesfaga i vidaregåande opplæring før Kunnskapsløftet. I praksis vil det seie ein heilt ny måte å berekne gamle HKO og yrkesfaglege vitnemål på, dersom fellesfag på alle nivå må takast med i poengberekninga. Vi ønskjer at dette blir tatt med i vurderinga, om det er ønskjeleg at dette skal få tilbakeverkande kraft til gamle reformer.

§ 7-10 Tilleggs-poeng for alder

Vi viser til tilbakemelding frå Ceres som har køyrt eit simulert opptak med den foreslåtte endringa. Resultatet viser at det ville vore omtrent like mange søkjarar med ulemper som søkjarar som ville fått fordeler med regelendringa. Ceres viser også til meir manuelt arbeid og mindre effektivitet for sektoren med den foreslåtte regelendringa.

Vi støttar difor ikkje forslag til endring.

Høgskolen i Innlandet har ingen merknader til dei andre forslaga til endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning.

Venleg helsing

Iben Kardel
Studiedirektør

Berit Kletthagen
Opptaksleder

Dokumentet er elektronisk godkjent uten signatur